

**Fra:** Sigrid Furnes (Sigrid.Furnes@hfk.no)

**Sendt:** 20.02.2016 12:31:18

**Til:** 'paal.bjurseth@bseurobib.no'

**Kopi:** Ruth Ørnholt; Fitjar Folkebibliotek (FIBL@fitjar.kommune.no); Os folkebibliotek; Fedje Folkebibliotek

**Emne:** Modellbibliotek 2016 i Hordaland

**Vedlegg:** modellbiblioteksøknad2016-Fitjar.docx;Modellbiblioteksøknad2016-Os.docx;Modellbiblioteksøknad2016-Fedje.docx;image001.png

Eg viser til telefonsamtale med deg 19. februar.

Hordaland fylkesbibliotek ynskjer å invitere BS Eurobib inn i delprosjektet «Modellbibliotek 2016». Vi har god røynsle frå det arbeidet som vart gjort i «Modellbibliotek 2015», og gler oss til å samarbeide med dykk att. At vi truleg får Lykke Jørgin med på laget, set vi pris på.

Årets modellar finn vi på Fitjar, i Os og på Fedje. Det kan vere at det kjem til eit fjerde bibliotek, men dette er noko usikkert.

Os folkebibliotek er ikkje valde som modellbibliotek, men er løyvd kompetanse og interiørkonsulenthjelp gjennom prosjektet. Det er tre områder i biblioteket dei ynskjer å få sett på med nye og profesjonelle auge. Om det fins midlar til innkjøp av inventar er uvist.

Dei to andre biblioteka har kroner 200.000 kvar til innkjøp av inventar og utstyr.

I denne omgang trur eg det er viktig å ha i mente at det er denne summen vi har å jobbe med. For Fedje sin del vert det kanskje å sjå på deler av rommet, og for Fitjar kor behovet for nytt inventar er størst.

Det eine biblioteket vi skal jobbe med denne gongen, ligg sør for Bergen. Det andre ligg i Sunnhordland og det tredje i Nordhordland. Vi vil ha trong for to dagar for å kome rundt til alle, ein tur sørover og ein tur nordover. Vi vil bruke lengst tid på turen sørover, så den bør gjennomførast første dagen.

Det hadde vore fint om de kunne kome i april. Desse datoane høver dårleg for oss: 8. april, 14.-15. april og 18.-19. april. Vi skulle gjerne også unngått måndagar.

Eg legg ved dei tre søknadane frå Os, Fitjar og Fedje.

Venleg helsing

**Sigrid Furnes**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 99 84 / 909 73 941

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)